

# Arealdel til kommuneplanen

2016 – 2026

Framlegg til høyring i perioden 08.10 – 08.12.2016


## Planforklaring

Vedteken av kommunestyret xx.xx.xxxx

Planident: 1224 20140002

Arkiv: 2012/2984

Versjon: August 2016



**Kvinnherad kommune**

## 1. Innhald

1.	Innhald.....	1
2.	Om kommuneplanen.....	3
2.1.	Bakgrunn .....	3
2.2.	Planavgrensing .....	3
2.3.	Heimel og verknad.....	3
2.4.	Planprosessen.....	4
3.	Rammer for planarbeidet.....	5
3.1	Generelle rammer .....	5
3.2	Nasjonale føringar .....	5
3.3	Regionale planar.....	5
4.	Mål.....	6
4.1	Mandat .....	6
4.2	Målsetting.....	6
5.	Metode .....	6
5.1	Juridisk.....	6
5.2	Kartteknisk.....	7
5.3	Arealkonfliktar .....	7
5.4	Innspeil .....	8
5.5	Forenklingar av planen .....	8
5.6	Endringane.....	8
5.7	Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse .....	8
6.	Gjeldande kommunedelplanar.....	9
6.1	Hovudendring frå gjeldande til nytt planframlegg:.....	10
7.	Fokusområder og plangrep .....	10
7.1	Folketalsutvikling.....	10
7.2	Senterstruktur og levande bygder.....	12
7.3	Bustadbygging .....	14
7.4	Hyttebygging .....	15
7.5	Naust og småbåthamner .....	15
7.6	Landbruk.....	17
7.7	Reiseliv.....	18
7.8	Næring og kraftutbygging.....	18

7.9	Fiske og havbruk.....	18
7.10	Natur og friluftsliv.....	19
7.11	Kulturminne og kulturmiljø .....	20
7.12	Barn og unge sine interesser .....	21
7.13	Universell utforming.....	21
7.14	Støy, forureining og stråling .....	21
7.15	Ras og skred.....	21
7.16	Havnivå .....	22
7.17	Strandsona.....	22
7.18	Endringar frå gjeldande kommunedelplanar .....	22
	Kjelder: .....	23
8.	Arealtabell .....	23
9.	Samandrag av KU og ROS .....	25



## 2. Om kommuneplanen

### 2.1. Bakgrunn

I Kvinnherad har arealdelen til kommuneplanen fram til no vore geografisk avgrensa i seks ulike kommunedelplanar. Desse gjeldande planane har i dag vedtaksdatoar som strekkjer seg frå 2003 til 2013. Fleire delplanar har vore rullerte separat over fleire år, og ført til ulike føresegner og retningsliner for byggjetiltak i dei forskjellige delplanområda. Gjeldande plan- og bygningslov føreset at kommunen skal ha ein overordna arealdel som omfattar heile kommunen samla, og som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Hovudformålet er difor å lage ein felles arealdel som skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk i Kvinnherad.

Kvinnherad kommune er med i den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordaland og Fusa. Fellesdelen til strandsoneplanen inneheld målsetjingar, registreringar, felles planføresetnader og mal for føresegner. Intensjonen er at kommunane skal utarbeide sine egne kommunedelplanar for strandsona, basert på strandsoneplanen. Kvinnherad valde i utgangspunktet å innarbeide strandsoneplanen som del av framlegg til ny arealdel av kommuneplanen. Sidan strandsoneplanen enno ikkje er vedteken, vert behandlinga av denne kommuneplanen gjennomført uavhengig av strandsoneplanen. Men kommuneplandokumenta inneheld mange element frå prosessen med- og framlegget til interkommunale strandsoneplan for Sunnhordland.

### 2.2. Planavgrensing

Planområdet omfattar heile kommunen og vil erstatte dei 6 kommunedelplanane som gjeld for kommunen i dag. Sjøareala er også med i planområdet.

### 2.3. Heimel og verknad

Arealdelen til kommuneplanen er heimla i plan- og bygningslova, kapittel 11 (1. juli 2009).

Arealdelen til kommuneplanen skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer for tiltak og arealbruk og viktige omsyn som må ivaretakast. Arealdelen består av plankart, føresegner og planforklaring som viser korleis nasjonale mål og retningsliner, samt overordna planar for arealbruk, vert ivaretekne (jf. pbl. § 11-5). Plankartet viser hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areala. Føresegnene detaljerer rammene vist i kartet, og planforklaringa supplerer plankartet og føresegnene med retningsgjevande omtale av innhaldet i planen. Planarbeidet omfattar også planprogram, konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse.

Plankartet og føresegnene er rettsleg bindande. Tiltak må ikkje vera i strid med arealbruk eller føresegner som er gjevne i denne planen. Det same gjeld tiltak som kan vera til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen. Der det ikkje ligg føre gjeldande reguleringsplan eller ikkje er stilt krav om slik plan (jf. pbl. § 12-1, andre ledd), gjeld arealdelen til kommuneplanen ved behandling av søknader om løyve til tiltak (jf. pbl. § 11-6).

Der det er vurdert som naudsynt, viser plankartet omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av areala. Omsyn og forhold som inngår i pbl. § 11-8, andre ledd bokstav a til f, er markerte i plankartet som omsynssoner med tilhøyrande føresegner og retningsliner. Det er nokre stader vist fleire soner for same areal (jf. pbl. § 11-8 om omsynssoner).

## 2.4. Planprosessen

Då arbeidet med arealdelen til kommuneplanen starta opp var også Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland under utarbeiding og ein såg for seg at denne ville verte vedteken før arealdelen. Dette speglar seg i planprogrammet som legg opp til ei viss samkøying av arealdelen og strandsoneplanen.

Arbeidet med den regionale strandsoneplanen har ikkje gått som planlagt og med stort sannsyn vert arealdelen vedteken først.

Arealplanprosessen vert difor vidareført uavhengig av prosessen med strandsoneplanen, men element frå det interkommunale planarbeidet er innarbeidd i arealdelen.

### Organisering

Rollefordelinga i planarbeidet:

Rolle	Ansvarleg
<b>Styringsgruppe</b>	Formannskapet
<b>Prosjektansvarleg</b>	Verksemd for samfunnsutvikling, Kvinnherad kommune
<b>Prosjektleiar</b>	Samfunnsutviklar Kjartan Thoresen
<b>Prosjektgruppe/administrativ arbeidsgruppe</b>	Kjartan Thoresen og Anbjørn Høivik, begge frå Kvinnherad kommune Torunn Åsheim, Lise Marie Laskemoen, Marianne Bø, Åsta Midtbø Vegard Eriksen, Vigdis Berge, Solveig Renslo, alle frå Multiconsult AS
<b>Politisk arbeidsgruppe</b>	Fram til valet 2015: Arve Opsanger (Ap), Otto Benjaminson (Krf), Hans Inge Myrvold (Sp). Etter valet: Øyvind Utne (H), Arne Bjørnevik (H), Clara Hveem (Sp), Stein Olav Ølvestveit (Sp), Hilde Enstad (Ap).
<b>Referansegruppe</b>	Aktuelle fagansvarlege i kommuneadministrasjonen, inkl. barnerepresentanten
<b>Utførande konsulent</b>	Multiconsult AS

### Framdrift

Aktivitet	Gjennomføring	Status
<b>Vedtak om oppstart og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn</b>	Formannskapet 06.03.2014	Gjennomført
<b>Fastsetting av planprogram</b>	Formannskapet 05.06.2014 Kommunest. 19.06.2014	Gjennomført Gjennomført
<b>Utlegging til offentleg ettersyn av planforslag</b>	08.09.2016	Gjennomført
<b>Godkjenning</b>	Formannskapet Kommunestyret	01.12.2016 15.12.2016

Planarbeidet er i hovudsak ein teknisk revisjon. Ved oppstart og utlegging av planprogrammet til høyring, var følgjande presisert: «I dette planarbeidet vil det ikkje verta gjeve høve til innspel om

private utbyggingsområde, men innspel om arealbruk som har samfunnsmessig stor interesse kan verta vurdert».

Det er registrert innspel frå private og offentlege instansar. Mange av innspela gjeld private utbyggingsområde. Ved utarbeiding av planforslaget og siling av innspela, har både administrativ og politisk arbeidsgruppe vist disiplin i høve til det planprogrammet legg opp til om å prioritera arealbruk av samfunnsmessig stor interesse. Under siling er innspela konsekvensvurderte og kriteria i planprogrammet har vore lagt til grunn.

### 3. Rammer for planarbeidet

#### 3.1 Generelle rammer

Plan- og bygningsloven styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen, men det er i tillegg mange andre lover som regulerer arealbruken. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen, til dømes Fiskeridirektoratet, Kystverket, NVE, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Naturmangfaldlova stiller krav om vurderingar som må gjerast og omsyn ein må ta i høve til naturverdiane, både i arbeid etter plan- og bygningslova og etter dei ulike sektorlovene.

I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå gjennom retningslinjer og rundskriv mv.

#### 3.2 Nasjonale føringar

Ei rekkje rikspolitiske stortingsmeldingar og retningslinjer gjev føringar for arealplanlegging:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2011.
- Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, 1995
- T-1442. Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, 2011
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene, 2009

#### 3.3 Regionale planar

Regionale planar gjev føringar og retningslinjer for kommuneplanlegginga.

- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil den vert avløyst av nye regionale planar.)
- Regional planstrategi 2016-2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2015-2026
- Regional kulturplan 2015-2025
- Regional klimaplan 2014-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 - Fleire gode leveår for alle
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan 2013-2017
- Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021
- Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag 2008-2012
- Fylkesdelplan for Sunnhordaland 2005 (ny regional plan under arbeid)
- Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010
- Reiselivstrategi 2009-2015

## 4. Mål

### 4.1 Mandat

Vedtak om arealdelen til kommuneplanen i Formannskapet den 06.03.2014:

1. *Kvinnherad formannskap vedtek oppstart av arealdel til kommuneplan for Kvinnherad og sender framlegg til planprogram ut på høyring og til offentlig ettersyn jf. plan- og bygningslova §§ 11-13 og 4-1.*
2. *Frist for merknader og innspel vert sett til seks veker frå kunngjeringsdato.*

### 4.2 Målsetting

#### Overordna målsetting

Hovudmålet med planarbeidet er å lage ein felles arealdel med tilhøyrande føresegner som skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i Kvinnherad.

Planarbeidet er primært ei teknisk rullering som skal:

- **Samle alle delplanane til ein felles arealdel for heile kommunen.**
- **Utarbeide planen i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov.**

Når det gjeld utbyggingsområda, vil det verta vurdert om eksisterande utbyggingsområde skal takast ut, samt ta inn nye område der det ligg føre klare samfunnsmessige interesser.

#### Delmål

- Å redusere talet på dispensasjonar ved å tilpasse planen til dagens situasjon og vidareutvikle føresegnene for enklare byggjetiltak på bygde eigedomar.
- Vurdere byggjeområde som har lege inne i kommuneplanen lenge utan å bli realiserte.
- Vurdere areal som er bandlagt til vidare planlegging eller freding.
- Legge til rette for småskala næringsverksemd i bygdene, gjerne knytt til gardsbruk - "Landbruk pluss".
- Fastsetja bruk og forvaltning av areal i strandsona både på sjø og land.
- Byggjegrænse mot sjø.
- Forenkle planen.

## 5. Metode

Planarbeidet har teke utgangspunkt i metoden og forma til den nyaste kommunedelplanen: KDP for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra som vart vedteken 20.06.2013. Denne planen var godt gjennomarbeidd i både kart, føresegner og planforklaring, samt utarbeidd etter gjeldande plan- og bygningslov. Vidare er kartet rydda og forenkla for å få eit betre og meir overordna planframlegg.

### 5.1 Juridisk

5 av dei 6 gjeldande kommunedelplanane i Kvinnherad er utarbeidd etter gammal plan- og bygningslov. Endringane i lova er mellom anna ei anna inndeling av formål, eit nytt element med omsynssoner og at det kan gjevast fleire typar føresegner for å utdjupe formåla i plankartet. Alle

område er planlagde med rettsverknad og bygging i strandsona er stramma inn med mellom anna krav om byggjegrænse mot sjø.

Dei gjeldande kommunedelplanane vart slegne saman og automatisk konverterte til ny plan- og bygningslov av Norkart AS. Nokre formål måtte rettast manuelt i etterkant, mellom anna dei som før var viste med eige formål for bandlegging, og som no skal visast med omsynssone og eit anna formål under.

## **5.2 Kartteknisk**

Kystlina i dei gjeldande kommunedelplanane var ikkje i samsvar med dagens kystline, og nokre stader var det store avvik. Det førte til at nokre byggjeformål vart liggjande i sjøen og andre stader gjekk sjøformålet langt opp på land. Dette er justert til samsvar i det nye plankartet.

## **5.3 Arealkonfliktar**

Det er gjort to GIS-analyser som del av grunnlaget for planarbeidet.

- Ein analyse av kva som er faktisk bruk av bygningane sett i samanheng med kva som er dei underliggjande arealformåla i dei gjeldande kommunedelplanane.
- Ein analyse som viser dyrka mark i konflikt med byggjeformål i gjeldande kommunedelplanar.

Områda med konflikt i GIS-analysane vart vurderte og dei fleste vart endra slik at arealformålet vart i samsvar med bruken.

Verdfulle jordbruksareal som var byggjeformål i gjeldande planar er i hovudsak endra til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). I vurderingane er det nytta data om arealressurskart (AR5), bygnings-, veg - og eigedomskart, flyfoto og kommunal lokalkunnskap.



## 5.4 Innspel

Innspel som omhandlar arealendringar er vurderte og det er gjort nokre endringar i høve til gjeldande planar. Alle endringar, både nye område og arronderingar av eksisterande, er vurderte med omsyn til andre interesser og lokale tilhøve.

Undervegs i planprosessen har den administrative arbeidsgruppa lagt fram innspela med tilråding for den politiske arbeidsgruppa, som i sin tur har gitt sitt råd om det einskilde innspel skal innarbeidast i planen og sendast på høyring.

## 5.5 Forenklingar av planen

I bygdene er dei fleste framtidige og eksisterande byggjeformål samla i felles LNF-spreidd- formål med rammer for nye byggjetiltak. I sentrumsområda er det lagt inn større sentrumsformål. Desse grepa bidreg til å synleggjere kvar det skal vere spreidd bygdestruktur, kvar det er ønskjeleg med bustadfelt og kvar det skal vere varierte sentrumsfunksjonar.

I nokre bygder har spreidd utbygging av bustader vore fokus og LNF-spreidd - avgrensinga er difor i hovudsak lagt utanom dyrka mark. Dei fleste bustadhus og bustadtomter i desse områda er omfatta av LNF-spreidd - formålet med høve til å gjere endringar på bygde eigedomar utan dispensasjon.

I andre bygder har landbruk og moglegheita til å etablere tilleggsnæringar for landbruket vore fokus. LNF-spreidd avgrensinga omfattar difor også store landbruksareal, men føresegnene set grenser for lokalisering, omfang og kva type tiltak som vert tillate.

I Husnes og Rosendal er store delar av sentrum sett av som Sentrumsformål som omfattar forretning, kontor, bustader, offentleg eller privat tenesteyting, parkering, torg osv. Sentrumsformålet gjev rom for variert bruk av sentrumsareala og er meir fleksibelt enn reindyrka arealformål. Gjeldande og framtidige reguleringsplanar vil styre arealbruken.

Enklare og meir effektiv saksbehandling av tiltak vert oppnådd når planen vert tydelegare og lettare å forstå for tiltakshavarar og aktørar, arealbruken samsvarar med plankartet samt at føresegnene konkretiserer rammene for nye tiltak.

## 5.6 Endringane

Alle endringar i kartet er skildra i dokumentet: *Oversikt endringar, KU og ROS*.

Alle endringar av formål frå eksisterande, gjeldande planar til dette planframlegget får nemninga «framtidig» i det nye plankartet uavhengig av faktisk bruk. Alle område som har same arealformål i dette planframlegget som i gjeldande planar, får nemninga «noverande» uavhengig av om dei er teke i bruk til formålet eller ikkje.

## 5.7 Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse

Alle endringar er vurderte i høve til om dei må konsekvensutgreiast. Konsekvensutgreiingane og risiko- og sårbaranalysane er vedlegg til arealdelen til kommuneplanen og er å finne i dokumentet *Oversikt endringar, KU og ROS*.

Kommuneplanar som legg til rette for framtidig utbygging skal ha særleg vurdering og omtale av planen sin verknad på miljø og samfunn, jf. plan- og bygningsloven § 4-2. Det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing for dei delar av arealdelen som inneber endringar i arealbruken.

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i innspel og i kommunen sine egne forslag til arealbruksendringar. I konsekvensutgreiinga (KU) er den metoden som er fastsett i planprogrammet nytta. Ei rekkje tema er vurderte. For kvart område/endring er det gjort ei vurdering av kor verdfullt området er for dei einskilde tema. Konsekvensane av den føreslegne arealbruken er og vurdert.

Ved utarbeiding av arealdelen skal det lagast ein risiko- og sårbaranalyse (ROS) i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vere overordna og tilpassa plannivået. Formålet er å vurdere framlegg til ny arealbruk opp mot samfunnstryggleik, og å identifisere om arealbruken er så sårbar at det må takast vidare omsyn i seinare planfasar. Arealformål som vert vidareførte er ikkje ROS-vurderte i denne planprosessen. I analysen er kommunen sine akseptkriterium og metode for ROS-analyser nytta. ROS- analysen avdekkjer eventuelle farar som naturfarar og menneske- og verksemdbaserte farar. Det er gjort ei vurdering av sannsynet for uønskte hendingar innanfor dei farekategoriar som er avdekte. I ROS –analysen har nokre av byggjeområda hamna i raud sone for ein eller fleire farekategoriar. Når byggjeområdet trass dette framleis er del av planen, må den aktuelle farekategorien gjennom grundigare vurdering og/eller avbøtande tiltak reduserast til minst gul sone. Dette vert å utføra i samband med seinare reguleringsplan eller ved søknad om tiltak der det ikkje er sett krav til reguleringsplan. Område som er sårbare eller utsette for fare og/eller risiko er i planen merkte med omsynssoner der det i føresegnene er stilt krav om å vern mot skade og tap slik lova føreset.

## 6. Gjeldande kommunedelplanar

I planprogrammet er dei 6 gjeldande kommunedelplanane karakteriserte som følgjer:

Kommunedelplan for Rosendal-området	20.02.2003	Planen har disponibelt utbyggingsareal både bustad, næring og fritidsformål. Minkar på disponibelt bustadareal i området Løfallstrand – Dimmelsvik. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag. Det må vurderast om det i tillegg er trong for ein eigen områdeplan for Rosendal sentrum.
Kommunedelplan for Husnes-området	20.02.2003	Planen har disponibelt utbyggingsareal både bustad, næring og fritidsformål. Stor trong for rullering, særleg rundt Husnes sentrum, skule- helse og idrettsområdet. I tillegg bør sentrumsområdet ved Nesjaneset og Sundsvågen vurderast. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag. Det er stor trong for å sjå Husnes sentrum i ein større samanheng. Særleg må trafikktryggleik og transport, gangveggar mellom sentrum – skule og, sentrum – Bogsnes mv. vurderast.
Kommunedelplan for Mauranger-området	15.12.2005	Store areal sett av til bustad og næring. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag.
Kommunedelplan for Halsnøy-området	25.09.2008	Del av kommunen med mindre byggjepress. Store reservar i planen til bustad og fritidsbustad. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag. Det bør vurderast om det skal lagast ein eigen områdeplan for Sæbøvik sentrum, særleg med tanke på mogleg utbetring av fylkesvegen frå Tofte til Ranavik.
Kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy	23.03.2011	Relativt ny plan med store areal disponible til bustad, fritidsbustad og næring. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag.
Kommunedelplan for Sandvoll og Holmedal	26.06.2013	Ny kommunedelplan. Einaste KDP som er utarbeidd etter ny planlov.

## 6.1 Hovudendring frå gjeldande til nytt planframlegg:

Planen er i utgangspunktet berre ei teknisk oppdatering og samanslåing av dei 6 kommunedelplanane. Det er likevel gjort ein del grep for å sikre meir overordna styring. Under er desse plangrepa oppsummerte. Sjå kapittel 7 for meir detaljert gjennomgang av plangrepa.

- Fleire av dei gjeldande delplanane var svært detaljerte der også einiskilde bustad- eller hyttetomter var viste med eigne byggjeformål. Mange av desse er slegne saman eller erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-formål. Dermed er 436 bustadformål og 211hytteformål tekne ut. Føresegnene opnar for avgrensa spreidd utbygging.
- Landbruksdominerte bygder/område er også omgjort til store LNF-spreidd-område der føresegnene opnar for etablering av tilleggsnæring til landbruket med krav om lokalisering og omsyn.
- I Husnes og Rosendal er store delar omgjort til sentrumsformål.
- Mange mindre naustformål er slegne saman til *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med føresegnssone som opnar for avgrensa og spreidd utbygging av naust.
- Det er lagt ut småbåthamnformål i sjø framfor mange naustformål for å opne for tiltak som naturleg tilhøyrar naustområda, t.d. bryggjer.
- Akvakulturformål er justerte og utvida i samsvar med konsesjonar og faktisk lokalisering. I tillegg er det lagt ut eit fleirbruksformål (kombinert) utanfor sjølve akvakulturformålet for å opna for mindre justeringar og ankring.
- Det er lagt inn ei rekkje omsynssoner: nedslagsfelt drikkevatt, støysoner, flomfare, høgspenningsanlegg, ras- og skredfare, bevaring kulturmiljø, bevaring naturmiljø, omsyn friluftsliv, landskapsvernområde, bandlegging etter lov om kulturminne, bandlegging etter lov om naturvern, bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova og soner der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde.

## 7. Fokusområder og plangrep


### 7.1 Folketalsutvikling

1. januar 2015 var det i følge Statistisk sentralbyrå (SSB) 13.234 innbyggjarar i Kvinnherad. I 1965 var folketalet ca. 9.800, dette auka bratt fram til 1972 (ca. 12.300), så meir moderat fram til 1989 (ca. 13.200). Dei siste 25 åra fram til 2015 har folketalet vore relativt stabilt mellom 13.000 og 13.300 innbyggjarar. Om fylkeskommunen sitt hovudalternativ for folketalsutviklinga slår til, kan Kvinnherad vente seg ca. 0,1 % årleg auke i folketalet og ha vel 13.400 innbyggjarar i 2028.

Fleire faktorar vil ha stor innverknad på folketalsutviklinga og befolkningssamansetjinga frametter så som utvikling av arbeidsplassar og endring i sysselsetjing både i privat og offentleg sektor samt kommunesamanslåing og store samferdsleprosjekt. Samla sett er det ikkje venta store samfunnsendringar, men fylkeskommunen sin hovudprognose har dei siste åra vorte justert ned for Kvinnherad sin del. Utan ein markert auke i arbeidsplassar, kan ein i staden for svak oppgang like gjerne få stabilt eller svakt fallande folketal.

År	2015	2020	2025	2030	2035	2040
Kommune/region						
Kvinnherad	13,272	13,522	13,754	13,991	14,163	14,292

Kjelde: Hordaland fylkeskommune



Figur 2: Folkesetnaden fordelt på grunnkrinsar.

### Plangrep for folkesetnad

Kommuneplanen legg opp til liten vekst i folkesetnaden. Det er likevel viktig at kommunen legg til rettes for nye innbyggjarar og nye verksemdar. Plangrepet er å oppretthalde eksisterande bustadområde og næringsområde av ein viss storleik, samt at mindre byggeområde eller enkelttomter i hovudsak er omgjorte til område for spreidd utbygging i landbruks-, natur og friluftsområda. Kommuneplanen vert då meir fleksibel og har rom for den veksten som kjem utan at planen har store byggeservar overalt i kommunen.

## 7.2 Senterstruktur og levande bygder

### Noverande situasjon

Kvinnherad kommune har to hovudsenter, Husnes og Rosendal. Husnes er den største tettstaden med vidaregåande skule og handelssenter, medan Rosendal er administrasjonssenter. Andre tettstader i kommunen er Sunde/Valen, Uskedalen, Sæbøvik, Herøysund, Dimmelsvik og Seimsfoss. I gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen er det målfesta at Husnes er hovudsenter i kommunen m.a. med regionale funksjonar, men at hovudadministrasjonen skal liggja i Rosendal. Utviklinga av levande bygdemiljø og berekraftige lokalsamfunn prega av mangfald, tryggleik og trivsel skal styrkjast. Følgjande strategiar er vedtekne:

- *I dei mindre og mellomstore bygdesamfunna må det leggjast til rette for spreidd bustadbygging og romslege bustadtomter.*
- *Det må sikrast areal for vidare utvikling av dei ulike bygdesentra.*
- *I sentrumsområda skal det leggjast vekt på fortetting med optimal utnytting av grunnlagsinvesteringar og tenestetilbod.*
- *Det skal skapast levande bygdesenter ved å kombinera service, næring og bustader.*

### Plangrep

Plangrepet for senterstrukturen er å bruke sentrumsformålet. Det er eit samleformål som opnar for forretning, kontor, bustader, offentleg eller privat tenesteyting, parkering, park, torg ol. I gjeldande kommunedelplanar er to mindre areal i Gjermundshamn og Åkra sette av til sentrumsformål. I den nye planen er store delar av Husnes og Rosendal også sette av til sentrumsformål. Dette skal synleggjere at desse områda er hovudsentra i kommunen og at tiltak som styrkjer og byggjer opp om dette, skal vere tillate. Både i Rosendal og i Husnes er det meste av sentrumsformåla regulerte, og reguleringsplanane skal framleis gjelde.


For å styrkje levande bygder er det lagt inn mange store, samanhengande LNF-spreidd-formål (LNFS i kartet og føresegnene). Desse skal stimulere til avgrensa vekst på den måten at dei skal halde på uttrykket som eit landbruksområde, men formålet opnar for enkeltvise einbustader, fritidsbustader og/eller næringsbygg som tek vare på bygdestrukturen. Jf. tabellen i kap.6 i føresegnene for omfang i kvart område. Mange av enkelttomtene som tidlegare låg med eigne byggjeformål er også inkluderte. Bygdene sine særpreg og kvalitetar skal ivaretakast, og områda skal ikkje utviklast som byggjefelt. Det skal vere tillate å gjere mindre tiltak på eksisterande bygde eigedomar, som t.d. tilbygg, påbygg og garasje. Konseptet *landbruk pluss* er eit stikkord. For å auke attraktiviteten til bygdene, er det nokre stader opna for fortetting av bygde naustmiljø.

*Tal på endringar i sentrumsformåla og LNF-spreidd formåla:*


	Gjeldande KDP		Nytt planframlegg	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>Sentrumsformål</b>	16 dekar	2	1407 dekar	6
<b>LNF-spreidd-formål</b>	5190 dekar	38	34 331	120

Tabell 1: Areal og tal formål i gjeldande KDP og nytt planframlegg.

**Illustrasjon LNF-spreidd:**




**Figur 1: Utsnitt over Rørvik i gjeldande plan.**




**Figur 2: Planframlegget viser eit større samanhengande LNF-spreidd-formål.**

**Illustrasjon sentrum:**



**Figur 3: Utsnitt over Husnes i gjeldande plan.**



**Figur 4: Planframlegget viser store delar av Husnes omgjort til sentrumsformål.**

### 7.3 Bustadbygging

#### Noverande situasjon:

Det har opp gjennom åra vore lagt til rettes for at ein skal byggja bustader i dei fleste bygdene i kommunen. Bustadstrukturen i dei fleste mindre bygder er også typisk spreidd. Regulerte felt er ofte tette, spesielt i dei større sentra som Rosendal, Husnes og Sunde-Valen. Kvinnherad har også ein relativt stor andel fleirmannsbustader.


Det er god bustadreserve i kommunen, med mange ledige tomter og bustadareal. Det har likevel vore etterspurnad på enkeltbustader utanom avklarte byggeområde.

#### Plangrep for bustadbygging

Planframlegget vidarefører bustadstrukturen i kommunen. Det er framleis god kapasitet i ubygde bustadområde, både i sentrale strøk og i bygdene. I gjeldande kommunedelplanar var det til saman 662 bustadformål. Dei fleste av desse var mindre formål som berre omfatta ein eller nokre få bustadtomter. I planframlegget er mange av desse slegne saman og mange er erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-formål, jf. Kap 7.2 framfor. Kvotene for tal bustader som kan byggjast har teke omsyn til eksisterande frådelte bustadtomter. I LNF-spreidd-formål som ligg i nærleiken eller grensar til regulerte bustadfelt med ledig kapasitet, skal det i mindre grad gjevast løyve til etablering av nye bustader. Det er ønskjeleg at desse regulerte områda først vert bygde ut.

Planframlegget viser no 226 bustadformål der 44 av desse er heilt nye. Dei fleste av dei nye formåla er mindre utvidingar av eksisterande bygde bustadområde, men det er også lagt inn nokre større bustadområde med krav om reguleringsplan.

#### Illustrasjon bustad:



Figur 5: Utsnitta over viser eit typisk døme på endringar frå gjeldande plan til dette planframlegget. Gjeldande plan til venstre viser mange mindre bustad- og fritidsbustadformål. I planframlegget til høgre er formåla langs Toralivegen utvida til å inkludere tilgrensande bygde bustadtomter og langs Gangstøvegen er 9 byggjeformål slegne saman til eit større samanhengande LNF-spreidd-formål.

#### Tal på endringar i bustadformåla:

	Gjeldande KDP		Nytt planframlegg	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>Bustader</b>	8514 dekar	662	6728 dekar	226

Tabell 2: Areal og tal formål i gjeldande KDP og nytt planframlegg.

## 7.4 Hyttebygging


### Noverande situasjon:

Kvinnherad kommune har mange hytter og det er stor etterspurnad etter hyttetomter. Det siste tiåret er det godkjent fleire reguleringsplanar for hytter.

### Plangrep for hyttebygging

Planframlegget vidarefører hyttestrukturen i kommunen. Det er god kapasitet for hyttebygging i eksisterande hytteområde, både regulerte og uregulerte. I gjeldande kommunedelplanar er det til saman 452 hytteformål der dei fleste av desse er mindre formål som berre omfatta ein eller nokre få hyttetomter. I planframlegget er mange av desse slegne saman, og mange er tekne ut og erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-formål der det er tillate med spreidd hytteutbygging i samsvar med tabell i kap. 6 i føresegnene.

Planframlegget viser no 241 hytteformål der 36 av desse er heilt nye. Nokre av desse nye formåla er mindre utvidingar, nokre er lagt inn i samsvar med godkjende reguleringsplanar, men det er også lagt inn mange heilt nye hytteområde med krav om reguleringsplan.



Tal på endringar i fritidsbustadformåla:

	Gjeldande KDP		Nytt planframlegg	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>Fritidsbustader</b>	2751 dekar	452	2605 dekar	241

Tabell 3: Areal og tal formål i gjeldande KDP og nytt planframlegg.

## 7.5 Naust og småbåthammer

### Noverande situasjon:

Det er mykje areal til naust i kommunen og det er godt utbygde hamneanlegg for fritidsbåtar for tilreisande og turistar. Det er likevel lokal etterspurnad etter naust og tiltak i tilknytning til naust, mellom anna flytebyggjer.




## Plangrep for naust og småbåthammer

Strandsona har hatt stor merksemd i planarbeidet. Eksisterande naustområde er i stor grad behalde og det er lagt inn 31 nye naustformål. Mange av desse nye formåla er lagt inn omkring godkjende naustbygg, men det er også lagt inn nokre nye med krav om reguleringsplan. I tillegg opnar nokre av LNF-spreidd-formåla for nye naust som fortetting av bygde naustmiljø.

Ein større endring i planframlegget er at det er lagt ut småbåthamnformål i sjø framfor naustformåla der slike formål ikkje er i konflikt med andre interesser. I desse småbåthamnformåla er tiltak, som naturleg høyrer til i naustmiljø til dømes bryggjer, tillate. Etablering av flytebryggjer skal fortrinnsvis samordnast for å skape ei meir oversiktleg og tilgjengeleg strandsone. Planen omfattar 155 nye småbåthamnformål.

Ein anna større endring i planframlegget er å opne for formål for spreidd naustbygging i heile kommunen. (Dette var tidlegare avgrensa til KDP for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra). Nokre naustformål er difor utvida, slått saman og endra til bruk og vern av sjø og vassdrag med ei føresegnssone som regulerer naustområda og sjøareala framfor. I desse områda skal nauststrukturen vere spreidd, og det skal takast særleg omsyn til rekreasjon, kulturmiljø, naturmiljø og landskap. Føresegnene kap. 7 har krav om maks tal nye naust i dei ulike sonene.

*Illustrasjon naust og småbåtformål:*



Figur 8: Utsnitt av planframlegget som viser spreidd naustformål (Bruk og vern av sjø og vassdrag)

Figur 9 : Utsnitt av planframlegget som viser naustområde med småbåthamnformål i sjø framfor.

*Tal på endringar i naustformål, bruk- og vern av sjø og vassdrag (spreidd naust) og småbåthamnformåla:*

	Gjeldande KDP		Nytt planutkast	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>Naust</b>	432,5 dekar	314	289 dekar	238
<b>Føresegnssone for bruk og vern av sjø og vassdrag</b>	-		48 091,4	
<b>Småbåthamnformål</b>	237 dekar	73	593 dekar	224

Tabell 4 Areal og tal formål i gjeldande KDP og nytt planutkast

## 7.6 Landbruk

### Noverande situasjon:

Landbruk har ein stor verdi for kommunen både som arbeidsplass og når det gjeld landskapsvern. Kvinnherad har etter Voss størst jordbruksareal av kommunane i Hordaland. Det er om lag 315 årsverk er knytt til jord- hage og skogbruk i kommunen. Mjølkeproduksjon og sauehald er den største næringa.

### Plangrep for landbruk

Jordvern har vore eit førande prinsipp for arealbruken i kommuneplanframlegget. Ein GIS-analyse har fått fram konflikt mellom jordbruksareal og byggjeområde i gjeldande kommunedelplanar, og i planframlegget er fleire byggjeområde justerte på grunn av denne analysen. Arrondering av byggjeområde har i prinsipp teke omsyn til jordbruksareal i bruk eller med høg bonitet. Det er ikkje føreslege nye byggjeområde på dyrka mark. Jord- og skogbruskareala er viste som landbruks, natur - og friluftsområde (LNF). I bygdene har ein del landbruksområde vorte endra til LNF-spreidd (LNFS-formål) som gjev høve til spreidd utbygging av bustader, fritidsbustader og næringsverksemder. For desse områda er det eigne krav for å unngå konflikt med jordvern, kulturlandskapsverdiar og driftstilhøva i landbruksnæringa.


Omfanget av LNF-spreidd-områda har i stor grad teke omsyn til potensialet for tilleggsnæringar for landbruket. Jf. Landbruk pluss.

*Tal på endringar i LNF-formål og LNF-spreidd formål:*

	Gjeldande KDP		Nytt planutkast	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>LNF-formål</b>	814 808 dekar	816	998 646 dekar	858
<b>LNF-spreidd-formål</b>	5190 dekar	38	34 331 dekar	120

Tabell 5 Areal og tal formål i gjeldande KDP og nytt planframlegg.

*Illustrasjon LNF-spreidd (landbruk pluss):*



Figur 10: Utsnitt av planframlegget som viser eit større LNF-spreidd-formål (Landbruk pluss).



Figur 11: Bilde over Åkra som viser eit typisk LNF-spreidd område med fokus på landbruk.

## 7.7 Reiseliv

### Noverande situasjon:

Kvinnherad ligg sentralt mellom Bergen og Stavanger ved innløpet til Hardangerfjorden. Kommunen har ein vakker og variert natur som er lett tilgjengeleg, gode utbygde båthamner, varierte aktivitetar, attraksjonar og overnattingsstader. Rosendal er den største turistbygda med Baroniet som ein av dei største attraksjonane i Sunnhordland. Rosendal er også cruisehamn. Fjorden og fjella er populære hos tilreisande.

### Plangrep for reiseliv

Planen er oppdatert i høve eksisterande reiselivstiltak. Det er nokre nye reiselivsområde, og i LNF-spreidd-område er det rom for småskala reiselivsprosjekt.

## 7.8 Næring og kraftutbygging

### Noverande situasjon:

Kommunen har tradisjonelt hatt mykje industri med rike tradisjonar innafor skipsbygging og med eksisterande verft m.a. på Halsnøy, Seimsfoss, Løfallstrand, Årsnes og Ølve. Den største private arbeidsgjevaren i kommunen er aluminiumsverket Hydro på Husnes (tildegare SØRAL).

Kommunen har ein monaleg vasskraftproduksjon. Blåfalli med sju kraftverk og Mauranger-vassdraget med seks er dei største i kommunen. I tillegg er det mange småkraftverk.

### Plangrep for næring og kraftutbygging

Dagens næringsstruktur er vidareført i planframlegget. I tillegg er det lagt inn 14 nye næringsformål. I planframlegget er ein del næringsformål slegne saman, og nokre er erstatta av eit større samanhengande LNF-spreidd-formål der det er tillate med spreidd næringsutbygging i samsvar med tabellen i kap. 6 i føresegnene.

Noverande og framtidige små kraftverk (mikro-, mini- og småkraftverk) er vidareførte som LNF-spreidd næring (LNFS-formål). Dei småkraftverka som er lagt inn i planen er allereie godkjende. Areal med anlegg for energiforsyning og –overføring er lagt inn i plankartet som faresone (omsynssone).

*Tal på endringar i næringsformål:*

	Gjeldande KDP		Nytt planframlegg	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>Næring</b>	3367 dekar	190	3221 dekar	136

Tabell 6: Areal og tal formål i gjeldande KDP og nytt planframlegg.

## 7.9 Fiske og havbruk

### Noverande situasjon:


Det vert drive fiske frå inst i Maurangerfjorden til ytst i Klosterfjorden ved Halsnøy. Det er ei rekke oppdrettsanlegg i kommunen, både skaldyr-, sette- og matfiskanlegg. Dei fleste konsesjonane er på matfiskanlegg; laks, aure og regnbogeaure.

### Plangrep for fiske og havbruk.

Dei ulike fiskeformåla som låg i tidlegare planar, som gyteområde og låssetjingsplassar er erstatta av fiskeområde i samsvar med plan- og bygningslova.

Dei fleste lokalitetar for havbruk/akvakultur er vidareførte, men justerte i samsvar med konsesjonar frå fiskeridirektoratet og faktisk lokalisering. Lokalitetar som er i bruk er utvida utover i fjorden for å gje høve til tilpassingar til nyare teknologi, og ynskje om å liggje lenger bort frå land. Desse har i hovudsak fått ei buffer på om lag 160 meter. I tilknytning til akvakulturområda er det også lagt inn større kombinerte formål for friluftsliv, ferdsel og akvakultur som eit fleirbruksformål. Desse gjev akvakulturanlegget moglegheiter til å gjere mindre justeringar og ankring og er i utgangspunktet lagt som ein 300-meters buffer utanfor akvakulturformåla, og gjeld ikkje innover mot land. Områda er arronderte med omsyn på andre interesser som til dømes friluftsliv, sjøtrafikk, fiske og kulturminne. Nokre akvakulturformål er tekne ut grunna manglande konsesjon og ueigna lokalitet.

### Illustrasjon akvakultur



### Tal på endringar i akvakulturformål:

	Gjeldande KDP		Nytt planframlegg	
	Areal	Tal formål	Areal	Tal formål
<b>Akvakultur</b>	9051 dekar	66	8617 dekar	47
<b>Kombinert friluft/ferdsel/akvakultur</b>	-	-	13 378	27

Tabell 7: Storleik og tal formål i gjeldande KDP og nytt planframlegg.

## 7.10 Natur og friluftsliv

### Noverande situasjon:

Kommunen har eit mangslunge og variert landskap, frå skjergardsidyll med øyar og lune vikar i sørvest til høg fjell, tronge fjordar og bratte dalsider i nordaust. Delar av Folgefonna nasjonalpark ligg i Kvinnherad. I samband med kraftutbygging er det bygd bilveggar høgt til fjells, og fjellheimen er lett tilgjengeleg for dei fleste. Opparbeidde turstiar og tilrettelagde badeplassar er å finna i dei fleste bygder. Kommunen har fleire mindre statleg sikra friluftslivområde og ein stor del av kommunen er

kartlagt og vurdert som svært viktig eller viktig friluftslivsområde. Mykje av dette er fjellområda med Folgefonna og fjordområda rundt Halsnøy.

#### **Plangrep for natur og friluftsliv.**

Store delar av kommunen er sett av som LNF-område. Det er og omsynssoner som tek vare på natur eller friluftsliv i område med spesielle kvalitetar. Alle verna eller sikra område er viste med omsynssoner (ulike skravurar). Både i byggeområde og i LNF-spreidd-områda set føresegnene krav til at nye tiltak skal ta omsyn til naturverdiar og friluftsliv.

Den gamle postvegen, som går frå Ølfarnes til Herøysund er lagt inn som turvegtrase med omsynssone d) bevaring kulturmiljø.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er lagt til grunn ved utarbeiding av planen.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg (§ 8), føre-var-prinsippet er nytta der det har vore risiko for alvorlig skade (§ 9), vurdering av samla påverknad på økosystem har vore gjort der det er naturleg (§ 10), evt. kostnader for å hindra skade på naturmiljøet vert å bera av tiltakshavar (§ 11) og lokalisering av tiltaka kan seiast å vere miljøforsvarleg (§ 12).

### **7.11 Kulturminne og kulturmiljø**

#### **Noverande situasjon:**

Kommunen har mange kulturminner med funn heilt tilbake til steinalder. Buplassen på Lundsmyra mellom Dimmelsvik og Seimsfoss er ein av dei største kjende buplassane frå steinalder i Hardanger. Kvinnherad har også sær mange gravrøyser frå jernalder og på 1930-tallet vart det funne ein vikingskatt med m.a. halsring av sølv og armring av gull på Hatteberg. Frå mellomalderen har ein Halsnøy kloster, Ænes kyrkje og Kvinnherad kyrkje. Frå nyare tid er særleg Baroniet i Rosendal eit viktig minnesmerke og nyleg vart heile anlegget freda. Freda er også Fjellberg prestegard, Kapteinsgarden på Fet i Uskedalen, Nicollhuset på Presthus og delar av Valen sjukehus.

#### **Plangrep for kulturminne og kulturmiljø.**

Freda kulturminne er viste i plankartet som bandlagde område etter kulturminnelova. Den delen av Baroni-anlegget i Rosendal som nyleg er freda, er vist med bandleggingssone. Den gamle postvegen frå Ølfarnes til Herøysund er sett av som omsynssone c) bevaring av kulturmiljø. Både i byggeområde og i LNF-spreidd-områda set føresegnene krav til at nye tiltak skal ta omsyn til kulturminne og kulturmiljø.



Figur 14: Baroniet i Rosendal er Noregs einaste baroni og har vore freda sidan 1923. I dag er også resten av anlegget freda, inkludert parken og landskapet rundt. Biletet er henta frå <http://baroniet.no/nn/hagen> .

## 7.12 Barn og unge sine interesser

### Noverande situasjon:

I kommunen er skular og barnehagar desentraliserte, slik at dei fleste barn og unge går på skule og i barnehage der dei bur. Det er eit rikt kultur- og idrettsliv i kommunen med mange tilbod til barn og unge. Kvinnherad kulturskule gjev også eit variert og desentralisert tilbod til over 600 elevar innanfor dans, drama, musikk og visuelle kunstfag. Strukturen for idrettsanlegg er og bra og gjev gode tilhøve for aktivitet for barn og unge.

### Plangrep for barn og unge.

Planframlegget gjer ingen endringar av skule-, barnehage, kulturhus eller idrettsanleggstrukturen i kommunen. Det er to utvidingar av desse formåla, på Sunde og på Husnes (Helland), men ingen nye. I føresegnene til planen har krav til uteopphaldsareal og friområde fått stor vekt.

## 7.13 Universell utforming

### Noverande situasjon:

Universell utforming betyr tilgjenge for alle, dvs. at omgjevnadene skal utformast på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske utan trong for ekstra tilpassing eller spesiell utforming i ettertid.

### Plangrep for universell utforming.

I føresegnene til planen vert det stilt krav om universell utforming som skal leggjast til grunn ved planlegging og gjennomføring av tiltak, bygningar og uteområde.

## 7.14 Støy, forureining og stråling

### Noverande situasjon:

Kvinnherad kommune har lite utfordring med støy, forureining og stråling. Støy- og forureiningskjelder er i hovudsak vegtrafikk og nokre næringsverksemdar. Kraftlinene kan medføre stråling.

### Plangrep for støy, forureining og stråling.

Støydata frå Statens Vegvesen er nytta som grunnlag for omsynssoner for støy i plankartet og ved vurdering av forslag om støyutsett arealbruk. Det er ikkje lagt til ny arealbruk i nærleiken av skytebaner og framtidig motorsportssenter.

Traseane for høgspennetnettet i området er vist som faresone. For sentral- og regionalnettet gjeld faresona til 30 meter frå ytste faseline. Breidda er fastsett med utgangspunkt i Statnett sine krav til varsling av arbeid nær kraftleidning. Grunna manglar i kartfestinga av høgspennetnettet kan kvaliteten på plasseringa av faresonene variera noko.

Føresegnene omhandlar støy, forureining og stråling.

## 7.15 Ras og skred

### Noverande situasjon:

Kvinnherad er ein rasutsett kommune og NGI har utført detaljerte skredanalysar i sju område i kommunen (2015): Sunndal, Ænes, Omvikedalen-Seimfoss-Rosendal, Uskedalen, Ytre Matre, Matre og Åkra. Det er særleg mange skredhendingar, både stein- og lausmasseskred langs Maurangsfjorden, men også strekninga frå Åkra til Matre er særleg utsett for skred.

### **Plangrep for ras og skred.**

Rasområda er lagt inn som fareområde på plankartet og føresegnene har krav til bygging i ras- og skredutsette område. Ny arealbruk har teke omsyn til desse fareområda ved arrondering, og nokre byggjeområde er avgrensa som følgje av dei nye skredanalysane. Grunna skredfare er nokre mindre byggjeformål omgjort til LNF. Det er stilt krav om utgreiing av rasfare i byggjesak og plansak i føresegnene.

### **7.16 Havnivå**

#### **Noverande situasjon:**

Kvinnherad kommune har lang kystline og mykje av bygningsmassen ligg i strandsona. Havnivåstigning er eit aktuelt tema og nye byggjetiltak i strandsona må ta omsyn til denne. I planarbeidet er det sett på forventa havnivåstigning og stormflo for kommunen. Oppdaterte verdier fram mot år 2100 viser stigning i havnivå for Kvinnherad, men denne er mindre enn tidlegare utekna. Det vert også varsla hyppigare ekstremvær, noko som tilsei oftare stormflo.

#### **Plangrep for havnivåstigning.**

Føresegnene har krav til byggjetiltak i strandsona i høve havnivåstigning.

### **7.17 Strandsona**

#### **Noverande situasjon:**

Det er ei særleg lang strandsone i kommunen då fastlandsdelen har ei rekkje fjordarmar som skjer seg inn i landskapet samt at det er fleire store øyar. Ein stor del av strandsona er ubyggd og består for det mesta av skog eller dyrka mark. Dei fleste bygdene i kommunen ligg langs fjorden og ein stor del av vegane ligg tett i fjorden. Kommunen har difor også mange område der strandsone er nedbygd med hus, infrastruktur, naust og båtanlegg.

#### **Plangrep for strandsona.**

Plan- og bygningslova har eit generelt krav om forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag. For at 100-meters belte ikkje skal gjelde statisk over heile kommunen, må kommunen fastleggje ei funksjonell strandsone som byggjegrænse mot sjø. Den funksjonelle strandsona er den strandsona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både med omsyn på økologi, topografi og/eller bruk. Den kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet. I planframlegget er det gjort ei kartfesting av den funksjonelle strandsona for heile kommunen. Denne er vist som byggjegrænse mot sjø. For arealformål som legg til rettes for utbygging i overgangen mellom sjø og land er det sett ei grænse for strandline sjø for å skilje mellom landdel og sjødel av tiltaka.

### **7.18 Endringar frå gjeldande kommunedelplanar**

All den tid det berre var ein av dei seks kommunedelplanane som var utarbeidd etter gjeldande plan- og bygningslov, inneber dei omfattande karttekniske endringane at planen vil sjå annleis ut enn før, også der det ikkje er gjort endringar i planframlegget. Både fargar og symbol skil seg frå tidlegare planar då arealformåla er kategoriserte annleis i lova som kom i 2009. Til dømes er formålet akvakulturanlegg endra frå blått til rosa, og soner for retningsliner og restriksjonar erstatta av ulike omsynssoner som gjev kartet eit anna uttrykk visuelt. Fleire kommunar gjennomfører revisjonar av planen der ei slik konvertering er tema aleine. Grepet med å bruke store LNF-spreidd-formål framfor mange små enkeltbyggjeformål gjer også framstillinga annleis.

Alle faktiske endringar er skildra i dokumentet *Oversikt endringar, KU og ROS*, datert 08.01.2016.

## Kjelder:

- [www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)
- Kommunale planar, Kvinnherad
- <https://no.wikipedia.org/wiki/Norge>
- <https://snl.no/Kvinnherad>
- [www.visitsunnhordland.no](http://www.visitsunnhordland.no)

## 8. Arealtabell

<b>Arealformål</b>	
<b>§ 11-7. Nr. 1 – Bygg og anlegg</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bustader (226)	<b>6728,4</b>
Forretningar (23)	98,9
Fritids- og turistformål (22)	138,9
Fritidsbusetnad (241)	2604,6
Grav- og urnelund (4)	12,1
Idrettsanlegg (13)	874,9
Kombinert byggje- og anleggsformål (1)	4,2
Næringsformål (136)	3220,5
Offentleg eller privat tenesteyting (149)	662,4
Råstoffutvinning (2)	43,3
Andre typar bygningar og anlegg (238)	289,1
Sentrumsformål (6)	1406,9
Uteopphaldsareal (1)	2,6
<b>Sum areal denne kategori</b>	<b>16 086,80</b>
<b>§ 11-7. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>Areal (daa)</b>
Hamn (53)	131
Parkeringsplassar (41)	84,9
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (7)	25,7
Veg (12)	57
<b>Sum areal denne kategori</b>	<b>298,6</b>
<b>§ 11-7. Nr. 3 – Grønstruktur</b>	<b>Areal (daa)</b>
Friområde (128)	745
Grønstruktur (4)	68,9
Park (12)	155,1
Turdrag (1)	22
<b>Sum areal denne kategori</b>	<b>991</b>
<b>§ 11-7. Nr. 4 – Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift</b>	<b>Areal (daa)</b>
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (858).	998 645,9
LNFR areal for spreidde bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttrykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk (120).	34 330,8
Spreidde bustader	-



Spreidde fritidsbusetnad (5)	502,5
Spreidde næringsbygningar (13)	1314,1
<b>Sum areal denne kategori</b>	<b>1 034 793,3</b>
<b>§ 11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (519)	335 053,2
Akvakultur (47)	8617,3
Drikkevatn (47)	2930
Ferdsl (29)	4889,6
Fiske (76)	45 635,3
Friluftsområde (69)	23 971,1
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (27)	13 378
Naturområde (367)	19 348,7
Småbåthamn (224)	593,1
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>454 416, 3</b>
<b>Omsynssoner</b>	
<b>§ 11-8 a) Sikrings-, støy – og faresoner</b>	<b>Areal (daa)</b>
<i>a.1 Sikringssoner</i>	
Nedslagsfelt drikkevatn (10)	119 922,9
<i>a.2 Støysoner</i>	
Gul sone etter rundskriv T-1442 (67)	7681,5
Raud sone etter rundskriv T-1442 (108)	1647,9
<i>a.3 Faresoner</i>	
Flomfare (3)	97,3
Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (25)	9449,7
Ras- og skredfare (107)	7413,6
<b>§ 11-8 c) Sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med opplysning om interesse</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bevaring kulturmiljø (17)	1092,1
Bevaring naturmiljø (75)	7370,9
Omsyn friluftsliv (57)	2773,4
Randområde til nasjonalpark/landskapsvernområde (4)	945,1
<b>§ 11-8 d) Bandleggingssone</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bandlegging etter lov om kulturminne (364)	913,4
Bandlegging etter lov om naturvern (20)	237 076,7
Bandlegging for regulering etter PBL (2)	671,2
<b>§ 11-8 e) Sone med krav om felles planlegging, omforming og fornying.</b>	<b>Areal (daa)</b>
Krav om felles planlegging (123)	3136
<b>§ 11-8 f) Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra</b>	<b>Areal (daa)</b>
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde (253)	13 710,5

## 9. Vurdering av samla arealbruksendringar i KU og ROS

Konsekvensane av dei einssilde arealbruksendringane i planen er gjort greie for i konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbarheitsanalysen. I det same dokumentet er det også gjort greie for metodane som er brukt både for verdi- og konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsvurdering. Kommunen sine vedtekne akseptkriterium og metode for ROS-analyser for bruk i arealplanlegging er lagt til grunn for planarbeidet.

### 9.1 Nye byggjeområde i forhold til gjeldande plan

Nye byggjeområde som er lagt inn i planen er i all hovudsak lagt inn på bakgrunn av dei mellom 300 og 400 innspela som kom til planarbeidet. Det er berre byggjeområde i sjølve planforslaget som er konsekvensutgreidde, slik at innspela som ikkje gjekk gjennom silingsprosessen, har ikkje vore vurdert etter den same metodikken. Tabellen i førre kapittel viser alle nye arealføremål som er lagt inn i planen. Her er ei framstilling av det som viser mest att i plankartet:

Ønskje om byggjeområde i strandsona er det som har prega innspela mest, og då særleg **fritidsbustad, småbåthamn og naust**. I all hovudsak har innspel om fritidsbustadar i strandsona vorte avlege, men og i nokre tilfelle endra på, slik at hytteområdet er trukke noko vekk frå stranda. I staden er det i stor grad lagt inn fellesområde til sjø som skal tene hytteområda. KU konkluderer i stor grad med at dei nye areala til fritidsbustadar har få store negative konsekvensar for natur og miljø, medan det er store andre samfunnsinteresser, særleg knytta til bygdeutvikling og lokal handel. Det er som hovudregel plankrav på nye areal til fritidsbustad.

Nye areal til **bustadføremål og næring** er i stor grad knytt opp mot eksisterande strukturar i bygder og tettstader. Det er lagt vekt på å ikkje gå på tvers av dei interessene som har vore vurdert i KU og ROS når nye bustadområde er lagt inn i planen. På aksen mellom Rosendal og Sæbøvik er det først og fremst nytta bustadføremål med krav om reguleringsplan, medan det i område med mindre arealpress og er nytta LNFS til å styre bustadutviklinga i kommunen. Bustadareala kjem stort sett godt ut av konsekvensutgreiingane på dei fleste tema. Det som går att av samla vurdering på bustad er dei legg opp til fortetting av bygd/tettstad og evt byggjer opp om td. Husnes/Rosendal som sentrum. Det er i stor grad teke omsyn til naturverdiar, landbruksinteresser, strandsoner mv. Ved lokalisering av bustadområde. I LNFS-områda er det i stor grad føresegnene som styrer konsekvensane av tiltaka, og KU kviler seg på at føresegnene sikrar dei interessene som er lista opp i KU. KU konkluderer i stor grad med at dei nye areala til bustad byggjer opp om tettstadane i Kvinnherad utan å gå på tvers av andre interesser. Det er i stor grad knytt plankrav til nye areal for bustad.

LNFS-område og «**bruk og vern av sjø og vassdrag**» er brukt som eit hovudgrep i planen (sjå ka 6.1). Fleire av dei gjeldande delplanane var svært detaljerte der også einssilde bustad- eller hyttetomter var viste med eigne byggjeformål. Mange av desse er slegne saman eller erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-formål. Dermed er 436 bustadformål og 211hytteformål tekne ut. Føresegnene opnar for avgrensa spreidd utbygging av Næring, bustad, fritidsbustad og naust. I LNFS-områda er det i stor grad føresegnene som styrer konsekvensane av tiltaka, og KU kviler seg på at føresegnene sikrar dei interessene som er lista opp i KU. Det er likevel gjort einssilde vurderingar av

alle dei over 120 LNFS-områda, og KU konkluderer med stor samfunnsnytte og bygdeutvikling i denne måten å bruke spreidd utbygging på. Det som går igjen i KU av LNFS-områda er at dei gjev rom og fleksibilitet for bygdeutvikling og stadbunden næring, samt dekkjer noko av trongen for fritidsbustad, bustad og naust i områda.

**Akvakultur** er i all hovudsak lagt ut i tråd med gjeldande løyver som gjeld i dag, med rom for noko fleksibilitet.

## 9.2 Samla vurdering av KU

Planforslaget er i hovudsak ei stadfesting av eksisterande strukturar frå gjeldande arealplanar. Det er lagt ut nye bustad og fritidsbustadområde i store deler av kommunen. Hovudkonsekvensen av dette er ein større arealreserve i planen enn det utviklinga i kommunen tilseier. Der innspel om nye byggeområde har vore i konflikt med viktige verdiar, har områda blitt avgrensa eller tekne ut av planforslaget. Planforslaget som vert lagt ut til høyring er difor utan større konflikhtar. Planforslaget viser den utviklinga kommunen ønskjer, og er utarbeidd i tråd med planprogrammet. Framlegget er utan særskilte negative konsekvensar.

På bakgrunn av konsekvensvurderingane har konsulent og administrasjonen i Kvinnherad kommune gjort ei fagleg vurdering. Styringsgruppa og planleggjarane i Kvinnherad kommune har teke endeleg stilling til korleis arealinnspela skulle innarbeidast i planframlegget. Sjå KU-dokumentet for meir om metode og vurdering av det enkelte arealinnspelet. Planforslaget viser den utviklinga kommunen ønskjer, og er utarbeidd i tråd med planprogrammet

## 9.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommunen sine vedtekne akseptkriterium og metode for ROS-analyser for bruk i arealplanlegging, er lagt til grunn for planarbeidet. Metoden er skildra i KU og ROS-dokumentet.

Det er gjort ei vurdering av sannsynet for uønskte hendingar innanfor dei farekategoriar som er avdekt. I dei fleste tilfelle er det vanskeleg å fastsetja frekvens eller gjentaksintervall, og det er difor lagt ei føre-var-haldning til grunn i desse vurderingane. Ein grundigare analyse gjort av fagkunnige innan dei ulike fagfelt vil venteleg koma fram til andre og mindre strenge resultat.

Alle arealendringar er vurdert etter kombinasjonen av sannsyn og mogleg konsekvens, og er til slutt samanstillt i ei risikomatrise (sjå metodekapittel i KU og ROS-dokumentet).

**Eksempel på vanlege vurderte tema (alle naturfarar og menneske- og verksemdbaserte farar er lista opp i KU og ROS-dokumentet):**

**Flaum:** Ettersom det ikkje er dokumentert særskild risiko ved nokre av elvane i Kvinnherad konkluderer ROS oftast med at det er lite sannsyn for uønskt hending, og med særst liten konsekvens for liv og helse. Og liten konsekvens for ytre miljø og materielle verdiar. Føresegner og omsynssone i kartet skal hindre uønska hendingar.

**Skred:** Det er stor skredfare fleire stader i kommunen, men etter kvart har det kome godt datagrunnlag til å avgrense ny arealbruk slik at det ikkje blir lagt inn skredfarlege område som byggeområde. Føresegner og omsynssone i kartet skal hindre uønska hendingar.

**Stormflo, havnivåendring og ekstremver:** Føresegnene set byggjehøgder som tek omsyn til stormflo og havnivåendringar, slik at konsekvensane vert små. Anna ekstremvær som td. vind er lite vurdert i ROS.

**Handtering av farlege stoff:** dette har vore eit tema for nye småbåthamner, der konklusjonen har vore at det kan oppstå mindre utslepp som naturen utbetrar sjølv.

**Trafikkulykker:** Det er smale vegar i kommunen som ikkje er utforma i tråd med gjeldande vegnormalar og krav til trafikktryggleik. Det er få stader der det er gang- og sykkelveg og gatelys. Trafikkfaren for dei nye utbyggingsområda er difor påfallande ofte problematisert i ROS.

**Sårbare objekt:** det er svært mange automatisk freda kulturminner, freda artar og andre sårbare objekt i Kvinnherad. Desse må takast særskild omsyn til ved lokalisering av nye tiltak. Bandleggingssoner og føresegnene sikrar at det ikkje vert konflikt med utbygging, og det er difor oftast både låg sannsyn og konsekvens for uønska hending. Føresegner og omsynssone i kartet skal hindre uønska hendingar.

**Samlokaliseringsproblem:** Høgspenliner er typisk døme som ROS tek opp i mange områder. Føresegnene og omsynssoner i akrtet tek i stor grad omsyn til samlokaliseringsproblem. Avstand til kulturminne og dyrka mark er andre eksempel.

**Innsatstid og kapasitet for naudetatane:** Heng tett saman med sentrum og periferi i Kvinnherad. Somme stader i utkantane er det vurdert at ei uønska hending vil bli forverra på grunn av lang innsatstid, men at det ofte er mindre konsekvensar for liv og helse og materielle verdiar, samt små konsekvensar for ytre miljø.